



ODDA KOMMUNE

Det kongelige Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep.

0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
2002007129

Saksh.. Sissel Aarseth
Telefon: 53 65 49 37

Arkivkode
C50 &13

Dato:
25.06.2002

Høyringsuttale NOU 2002:1 fortid former fremtid. Utfordringar i ein ny kulturminnepolitikk.

Vedlagt finn De Odda kommune sin uttale til NOU 2002:1.

Denne er også sendt Dykk elektronisk.

Venleg helsing
For Meieriet kulturhus

Nina Kongtorp
Tenestestadsleiar

Sissel Aarseth
kulturplanlegger



Til:
Miljøverndepartementet

Vår ref.
2002007035

Saksh.: Sissel Aarseth
Telefon: 53 65 49 37

Arkivkode
C50 &13

Dato:
25.06.2002

Høringsuttale NOU 2002:1 Fortid former fremtid - utfordringer i ein ny kulturminnepolitikk.

Odda kommune ser det som positivt at det er sett i verk ei brei og grundig gjennomgang av kulturminnepolitikken og at ein har kome til at ein treng å utvikle ein ny kulturminnepolitikk. I dag fungerer ikkje ordningane tilfredsstillande, særleg gjeld dette ovanfor private eigarar og dei som ønskjer å forvalte kulturminne gjennom dagleg bruk og drift.

Hardanger kulturråd, som Odda kommune deltek i, har gitt ein høringsuttale som vi sluttar oss til.

Vi ønskjer likevel å gi ein eigen uttale frå Odda kommune.

Vi vil i stor grad strukturere den slik De har bedt om i brev/rundskriv av 28.02.02.

Pkt 1. Mål, strategi og innsatsområde

Vi vil kommentere mål 5, Dei økonomiske rammene står i forhold til oppgåvene. Slik utgreiinga ligg føre ser vi ikkje at det er mogleg å oppnå denne målsettinga utan å auke den økonomiske innsatsen. Det er positivt at ein legg opp til ei tredeling av dei økonomiske verkemidla slik at ein har moglegheit til å utvikle ulike verkemiddel for å fange opp mangfaldet innan kulturminnevernet. Likevel viser utgreiinga t.d. i boks 9.1. at gapet mellom behov for midlar (400 – 550 millionar i tillegg p.r. år), og kva ein i dag løyver, er stort. Utvalet føreslår å innføre eit kulturminnefond med 100 millionar til fordeling kvart år, samt å auke dei statlege tilskota monaleg. Ein må syte for at kulturminnefondet ikkje vert ei sovepute for å faktisk ikkje auke den økonomiske innsatsen på andre felt. Statsbudsjettet for 2003 signaliserer ei avkastning på 6 millionar til kulturminnefondet, med opptopping til 12 millionar i 2004. Dette er for lite, og opptoppinga går for sakte.

Vi saknar også ein drøfting av dei økonomiske tilhøva rundt drift av ulike kulturminne. Ein rekkje kulturminne kan drivast som ein del av ei næringsverksemd, T.d. Norsk vasskraft- og industristadmuseum her i Odda kommune, mens andre ikkje har inntekspotensiale til å dekkje drifts- og vedlikehaldskostnader, som Røldal bygdemuseum.

Pkt. 2. Korleis leggje til rette for aktiv bruk og ivaretaking av mangfaldet?

For å skape lokalt engasjement for kulturminnevern treng ein nærleik til avgjerdstakar og ein oppfatning av å kunne influere på sluttproduktet, dvs. desentralisering av mynde. Det å, innanfor visse rammer, bruke, utbetre og forbetre t.d. eit bygdetun vil engasjere innbyggjarane i lokalsamfunnet.

Ein definering av kva faglege prioriteringar som skal ligge til grunn for framtidig kulturminnevern må gjerast.

God fagleg vegleiing og økonomisk oppfølging er også viktig.

Informasjon og god formidling av kulturarven er essensielt. Den kulturelle skulesekken er eit mykje viktig innsatspunkt for opplæring og bevisstgjeriing i høve til kulturarven.

Det er ofte meir hensiktsmessig og fleksibelt å bruke plan og bygningslova framfor fredningsvedtak etter kulturminnelova. Kommunane er kanskje i dag for lite aktiv i høve til å vurdere å bruke Pbl i høve til ivaretaking av kulturminna. Informasjonstiltak ovanfor kommunale planmyndigheiter kan være eit relevant verkemiddel.

Pbl. har fokus på bygningar, mens kulturminnevernet er mykje meir. Kan ein t.d. innarbeide eit planansvar for kulturlandskap og kulturmiljø?

NOU 2002:1 har eit sterkt fokus på materielle kulturminne, og vi saknar eit sterkare fokus på immaterielle kulturminne. I stor grad har ein i kommuneadministrasjonen i dag oversikt og klarare prioriteringar når det gjeld bygningsvern. Utfordringane i dag ligg i å ta i vare, registrere, synleggjere eller konservere immaterielle kulturminne som språk, stadnamn, særeigne industriprosessar, tradisjonelt handverk osv. Ein annan stor utfordring er å formidle ut, og gjere innsamla materiale tilgjengeleg, gjennom datateknologi.

Pkt. 3. Kulturminne og kulturmiljø som grunnlag for verdiskaping

Samspelet mellom kulturminne og næringsverksemd vil verte viktigare i åra som kjem. Det er viktig at ein har ulike økonomiske verkemiddel som skal fange opp ulike situasjonar, men samtidig ikkje utelukkar kvarandre. Det må opnast for å kunne gi tilskot til utbetring og drift av kulturminne som også skal være eit grunnlag for næringsdrift, der vern gjennom bruk er eit viktig fokus.

Noko offentleg finansiering må i mange tilfelle oppretthaldast fordi det ikkje er grunnlag for bedriftsøkonomisk lønsam drift.

Pkt. 4. Eigarane og brukarane sin rolle og situasjon.

Samarbeid og lagspel mellom det offentlege og private eigarar er alfa og omega for å lukkast med eit godt arbeid innan kulturminnevern. Gode økonomiske verkemidlar, kort sakshandsamingstid, forutsigbare avgjerder som er bygd på klare retningslinjer er her viktige verkemidlar for å oppnå eit godt samarbeid.

Pkt. 6. Kompetanseoppbygging og utdanning

Oppdaterte digitale register som kommuniserer med kvarandre, og som er tilgjengeleg for alle aktørar er det viktigaste arbeidsreiskap ein kan framskaffe for kommunal sektor. Viser her til AREALIS-prosjektet i Hordaland som har eit godt utgangspunkt. Det er også viktig at ein oppdaterer registra hyppig og at endra status for eit kulturminne vert registrert. T.d. eit øydelagt fornminne.

Den kulturelle skulesekken er ein mykje viktig arena for å auke medvitet om kulturminna.

Det må byggast opp desentraliserte vidareutdanningstilbod for tilsette i kommunal administrasjon. Auka fokus på, og innsats for, å etablere utdanningstilbod i handverksfag som i dag er sjeldne eller fråverande, må setjast i verk.

Dersom større ansvar for kulturminneforvaltninga skal leggjast til kommunenivå må dette være på plass før ansvaret formelt vert flytta.

Pkt. 8. Kommuneprosjektet

Dersom ansvar skal flyttast ned i systemet til kommunane må:

- kompetanseutvikling og utdanningsmoglegheiter være på plass
- det må finnast eit overordna organ som kan handsame klagesaker og syte for at dei overordna kulturminnefaglege omsyna vert teke. Erfaring viser at ved ein konflikt mellom kulturverneinteresser og t.d. næringsinteresser vert avstanden mellom lokalpolitikarar og tiltakshavarar ofte for kort, og kulturverninteressene tapar. Det kan også ofte være fornuftig at nokon utanfrå kjem inn og fortel at her finst noko som faktisk er verdt å ta vare på. Riving av det gamle Hardanger hotell, som var det største trehuset i sveitserstil i Odda, på -70-talet kan være eit eksempel på dette.
- Kommunalt ansvar, politisk og administrativt, må tydeleggjerast og strukturast.
- Det må byggjast opp regionale kompetansemiljø knytt til regionsmuseum eller andre kulturfaglege miljø, ev. fylkeskommunen.
- Det må leggjast til rette, praktisk og økonomisk, for å etablere interkommunale ordningar.